



Arild Himle
Almelandsvegen 357
5710 Skulestadmo

Dykkar ref.

Vår ref.

26/1261 - 10

Dato

25.06.2026

Saksnr.	Utval
73/26	Utval for kultur og næring

Vedtak - Bygging av landbruksveg - gbnr 152/16

VEDTAK

I medhald av forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål, og delegeringsreglement for Voss herad gjeldande frå 01.01.25, vert det gjort fylgjande vedtak:

1. Voss herad godkjenner bygging av 700 meter landbruksveg klasse 5, Hagen, g/bnr 152/16 i Voss herad, slik det går fram av kart datert 24.01.2026.
2. Det vert stilt krav til bygging og avpussing av anlegget, jf. «Normalar for landbruksvegar med byggebeskrivelse» (Landbruks- og matdepartementet juni 2013)
3. Dersom det vert avdekt automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne under gjennomføring av prosjektet, må arbeidet stoggast og Vestland fylkeskommune kontaktast.
5. Dersom det vert avdekt at det hekkar hønsehauk, granmeis eller andre raudlisteartar i eller nær den planlagde traséen for ny veg, må arbeidet stoggast og Voss herad kontaktast.
6. Alle inngrep som vert gjort i samband med tiltaket, skal utførast så varsamt som mogleg, og med omsyn til natur, terreng og vegetasjon. Område for uttak av massar, skal plantast til etter uttak.
7. Skjemmande fyllingar og skjeringar skal unngåast og eventuelt vølast til.
8. Under opparbeiding av vegen skal byggherre unngå skade på eventuelle landskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.
9. Det vert sett vilkår om at vegbygginga ikkje skal medføre endring av naturleg drenering av vatn i området.
10. Det må takast omsyn til myr ved bygging av vegen. Myra skal ikkje punkterast. Det må nyttast duk og geonett for å hindra slik punktering.
11. Frist for oppstart av prosjektet vert sett til 01.08.2028. Dersom denne fristen vert overskriden, fell godkjenninga vekk.
12. Vegen må vera ferdig innan 01.08.2031. Når anlegget er ferdig bygd, skal byggherre varsla Voss herad for sluttgodkjenning.

Vedtaket kan påklagast etter forvaltningslova § 28 og § 4-1 i Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier. Mogleg klage må setjast fram skriftleg til kommunen innan 3 veker etter at søkjar har fått melding om vedtaket, jfr. Forvaltningslova § 29

FAKTA OM SAKA

Det vert vist til søknad om løyve til bygging av Skogsbilveg Hagen på g/bnr 152/16 i Voss herad, datert 02.02.2026.

Søknaden gjeld bygging av 700 meter veg i landbruksvegklasse 5. I fylgje søknaden er 50 % av føremålet med vegen skogbruk, 15 % utmark, 20 % jordbruk (transport av dyr til og frå beiteområde) og 15 % veg til privat hytte. Totalt 6 partar har interesser i vegen, som vil betene eit areal på 284 dekar, der 180 dekar er produktiv skog (1000 m³ hogstmogen skog). Saka har vore på intern høyring hjå driftssjef, plansjef, miljøkonsulent og kulturkonsulent i Voss herad. I tillegg har saka vore på ekstern høyring hjå Statsforvaltaren i Vestland, NVE og Vestland fylkeskommune.

HØYRINGSMERKNADER

Høyringsmerknadane er lagt ved saka.

Vestland fylkeskommune

Fylkeskommunen har vurdert søknaden ut ifrå si rolle som kulturmiljøstyresmakt:

«Me har i dag ikkje informasjon om automatisk freda kulturminne eller funn i frå garden gnr. 152 Hagen. I arealet som ligg i opp i Raundalen sør for elva er det heller ikkje kjent nyare tids kulturminne. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta i kulturminnelova § 8, 2. ledd. Som gjeld dersom ein finn det som kan vera automatisk freda kulturminne. gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar under gjennomføring av tiltaket. I så fall skal dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid på funnstaden må stansast til rette mynde har konkludert i saka.»

Statsforvaltaren i Vestland

«Det er ikkje registrert naturtypar etter DN-handbok 13 eller Mdirs instruks i området, men det er neppe undersøkt. Det ligg inne ein observasjon av hønschauk i området, men om det hekkar hønschauk her, er denne mest sannsynleg knytt til område med eldre furuskog. Det ser ut til at traseen er lagt slik at ein mest mogleg unngår inngrep i myr. Vegen må så langt som råd leggjast utanom myra, og på ein slik måte at han ikkje hindrar den naturlege vasstilgangen til myra. Skal vegen krysse myr skal det nyttast duk og geonett. Vi går ut frå at det er den private brua over Raundalselvi som avgrensar vegen til vegklasse 5.»

Planavdelinga i Voss herad

«Landbruksvegen er planlagt i LNF- område i kommuneplanen. Vegene er planlagt tett på myr og kryssing av vassdrag, det er i strid med kommunen sine føringar. Delar av vegen ligg i omsynssone for jordskred, snøskred og flaum/sørpeskred. NVE er høyringspart for tiltak i omsynssone skred og flaum.

Det vert vist til ulike avbøtande tiltak i søknaden. Søkjar meiner at bygging av ny veg er ei betre løysing enn ATV køyring nokre gongar i året. Søkjar viser og til at noko eksisterande veg skal tilbakeførast og vert nytta som eit argument for å byggja ny veg. Søkjar meiner det er viktig å leggja vegen utanom to fritidsbustader.

Plan stiller spørsmål til argumentasjonen. Plan meiner det er ei større belastning på naturen å byggja ein permanent ny veg på 700 m inn i eit urørt myrterreng enn å tillata ATV køyring nokre gongar i løpet av eit år.

Det er eit veldig lite stykke eksisterande veg som er foreslått tilbakeført til natur, og det verkar lite tenleg å ta vekk ein samanhengande veg mellom to etablerte eigedomar. Voss herad sin klimaplan Vossaklima 2030 og heradet sin kommuneplanen er tydeleg på at naturmangfald og dyrkamark skal prioriterast. Det skal ikkje byggast nye vegar inn i eksisterande hyttefelt/utfartsområde. Når det gjeld utmark og beiteområde er det mange utfordrande beiteområde i Vossafjella. Dei fleste har historisk sett vore utan tilgjenge med landbruksveg langt inn i fjellet. Heradet har ingen føringar på at det skal prioriterast å bygge nye vegar inn i beiteområde.

Omfanget av vegtiltaket er stort, og planavdelinga rår ifrå bygging av 700m landbruksveg inn i eit myr- og naturområde. I tillegg ligg deler av vegen i omsynssone skred og flaum.»

Klima- og miljørådgevar i Voss herad

Har levert eit lengre høyringssvar, som av omsyn til naturen i området, klima og naturmangfald rår ifrå bygginga av denne landbruksvegen.

NVE

«I område med mogleg eller dokumentert skredfare må det utvisast særleg aktsemd ved planlegging, bygging og vedlikehald av skogsvegar. Anlegg av vegar i bratte li-sider kan føre til lausmasseskred, særleg ved at vegane endrar den naturlege dreneringa i lia. Vatnet blir dermed leia til område der det ikkje er naturleg dreneringsveg, eller til bekker og andre dreneringsvegar som ikkje har stor nok kapasitet til å leie vatnet. Det fører til erosjon som i neste omgang kan utløyse skred. Også vegar som er godt planlagt og bygde kan føre til skred dersom vedlikehaldet av grøfter og stikkrenner blir forsømt og går tette. I samband med hogst i dekningsområdet bør ein vere merksam på å ikkje påverke terrenget slik at vatn kjem på avvegar og fører til erosjon.

Det er viktig at den planlagde vegen ikkje fører til at byggverk, byggegrunn og tilstøytande terreng blir utsett for fare for skade eller vesentleg ulempe. jf. TEK17 § 7-1, 2. ledd. Kommunen bør avslå søknader om vegar som ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til skredfare eller stille vilkår for linjeføring og teknisk utforming.

ADMINISTRASJONEN SI VURDERING

Vurderingar knytte til høyringssvara

Vestland fylkeskommune:

- Innspela frå fylkeskommunen vert tekne inn i Voss herad sitt vedtak. Meldeplikta i kulturminnelova må overhaldast, og ein må unngå skade på kulturlandskapstrekk.

Statsforvaltaren i Vestland:

- Innspela frå Statsforvaltaren vert tekne inn i Voss herad sitt vedtak. Dersom vegen kjem i kontakt med myr, må det nyttast duk og geonett for å hindra punktering av myra.

Planavdelinga i Voss herad:

- Ein stor del av tiltaket ligg innanfor område som er avmerkt i aktsomhetskart snøskred, og ein liten del av tiltaket ligg i tillegg innanfor område som er avmerkt aktsomhetskart jord og flomskred. Aktsomhetskart er datasett som gir ein grov oversikt over område som potensielt kan vera utsette for skred. Det finst ingen kjend, faktisk rashistorikk i området, som kan vera i konflikt med den planlagde vegen. Søknaden vert likevel sendt på høyring hjå NVE.
- Vegen skal ikkje berre erstatta ATV-køyring over myra. Han er avgjerande med tanke på tilkomst til hogstmogen skog, og skog som vil verta hogstmogen i åra som kjem. I tillegg vil han letta køyring av dyr til og frå beite, og betra tilkomsten til utmark.
- Det finst ikkje dyrka mark i området der vegen er planlagd.
- Det må takast omsyn til myr ved bygging av vegen, og nyttast duk og geonett for å hindra punktering av myra.

Klima- og miljørådgevar i Voss herad:

- Ingen av områda med verdsette naturtypar som vert nemnde i uttalen (Mjølbotn og Raundalen sør for Voss), er i direkte kontakt med den planlagde vegen.
- Skogkartlegginga frå Biofokus er tufta på eit tynt datagrunnlag. Forvaltning av skog er hovudføremålet med den planlagde vegen.
- Data for hønsehauk tilseier at tidlegare observasjonar av reir ikkje har vore i konflikt med traséen for vegen som er planlagt no. Ved synfaringar gjort av Voss herad i 2025 og Statsforvaltaren i Vestland 2026 vart det ikkje funne teikn til reir.
- Bygginga av vegen må skje på ein slik måte at det ikkje går ut over karbonlagringa i myra.
- God forvaltning av skogen i området er hovudføremålet med vegen. Det skal ikkje omdisponerast noko dyrka mark.

NVE:

- Det vert sett som vilkår i vedtaket at vegbygginga ikkje skal endra naturleg drenering av vatn i området. Alle inngrep som vert gjort i samband med tiltaket, skal utførast så varsamt som mogleg, og med omsyn til natur, terreng og vegetasjon.

Vurdering etter landbruksveiforskriften, § 3.2

Ny veg vil gje tilkomst til skogområde som i dag ikkje har tilkomst anna enn på vinterstid, gjennom kryssing av myr på snø/ frost. Eksisterande veg har ein standard som ikkje kan nyttast vinterstid på grunn av stigningstilhøve. Gjennom å etablera omsøkte veg, vil skogareala (dekningsområde 180 daa, av dette ca. 67 daa tilplanta gran) ha ein god tilkomst på barmark, noko som er ein føresetnad for ei rasjonell og rekningsvarande forvaltning av

skogarealet. I tillegg vil dagens ATV-køyring over myr kunne skje ut frå planlagt skogsbilveg. Omsøkte trasé er slik sett ei god, heilskapleg løysing for både transport av beitedyr inn og ut av området, uttak av skog og transport med ATV.

Søknaden er vurdert etter naturmangfaldslova §§ 8-12 . Jf. § 7 om at dei miljørettslege prinsippa i §§ 8- 12 skal leggest til grunn for retningslinjer for offentlege vedtak m.m. Det er gjort søk i Kilden på kulturminne, artsdatabank, naturvernområde, naturtypar, verdifulle og utvalde kulturlandskap , nasjonale artar og miljøregistrering i skog. Det er ikkje kome fram opplysningar som kjem i inngrep med omsøkt vegtrasé, utover det som er nedfelt i vedtaket. Kunnskapsgrunnlaget jf. § 8 og føre var prinsippet i § 9 er vurdert som oppfylt.

Planlagt vegtrase ligg utanfor NVE sine temakart «aktsomhetskart Jord- og flomskred», «aktsomhetskart for flom», og «skog med skredfarebetydning». Endepunkt på omsøkte veg vert liggjande i nedre kant av «S2- snøskred med skogeffekt». Planlagt trasé er vurdert til å ikkje føra til auka fare for flaum, erosjon og lausmasseskred.

Framtidig hogst og skjøtseltiltak innanfor dekningsområdet til vegen er ikkje søknadspliktig, og kan gjennomførast i tråd med skogbrukslov og Norsk PEFC Skogstandard.

Med venleg helsing

Iril Schau Johansen
Tlf: 47026347

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

